

**Møtereferat****Referent:** Dina Johanne Lefdal**Dato**  
LEIKANGER, 17.08.2016**Deltakarar:**Gulen kommune:

Hallvard Oppedal, Ordførar  
Reidun Halland, Rådmann

Næringslivet i Skipavika:

Lars Hellandsjø  
John Torsvik  
Stein Inge Larsen

Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Jenny Følling, Fylkesordførar  
Noralv Distad, leiar i Hovudutval for samferdsle  
Dina Lefdal, Fylkesdirektør for samferdsle

**Møte om veg til Skipavika 10. august 2016**Bakgrunn

21. juni 2016 gjorde Hovudutval for samferdsle gjorde følgjande vedtak i sak 34/16 Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av Fv 4 til kommunal veg:

«*Hovudutval for samferdsle utset saka. Utvalsleiar og Fylkesordførar inviterer Gulen kommune og næringsaktørane i Skipavika til eit dialogmøte. Målet med møtet er å diskutere finansiering, framdrift og organisering av prosjektet.*»

Historikk

Dina Lefdal orienterte om historikken for veg til Skipavika etter at ferjekaia vart lagt ned:

- Ny veg Sløvåg – Ånneland med bru over Brandangersundet opna i 2010
- Vegen Ånneland – Skipavika vart vedteken nedklassifisert til kommunal veg i 2012.
- Det vart sett av 3 mill. kr til vedlikehald av vegen til tiltak som utbetring av grøfter og vegdekke. Dette skulle gjennomførast i 2015, men vart stansa.
- I ettertid (frå 2014) er det utvikla ny næringspark på Skipavika
- Kommunen og næringslivet ønskjer ny veg til Skipavika før eksisterande veg blir nedklassifisert.
- Kommunen meiner dei kan få bygd ny veg for ca. 15 mill. kr (entreprisekostnad).
- Statens vegvesen har vurdert at kostnaden vil vera i storleiken 30-40 mill. kr (inkl. prosjektering, mva, byggherrekoftnad mm).

Kommunen sitt syn

Hallvar Oppedal orienterte om kommunen sitt syn på saka.

Skipavika er eit stort industriområde som blir utvikla vidare. Det er god og djup hamn som ligg gunstig til. Det er mellom anna planar om tømmerhamn.

Kommunen meiner den opprustinga av fv. 4 som er vedteken ikkje er god nok med den bruken vegen har i dag. Ny veg vil ha slike fordelar:

- Betre bæreevne
- Kortare veg
- Taklar trafikken betre

Det er godkjent reguleringsplan for ny veg.

#### Diskusjon

Aktuelle løysingar vart diskutert. Kommunen og næringslivet meiner at det må byggast ny veg snarast.

Dersom det er ønskje om at fylkeskommunen skal finansiere og bygge ny fylkesveg i Gulen, er dette ei sak som må vurderast i samband med Regional transportplan med tilhøyrande handlingsprogram. Dette skal vedtakast i Fylkestinget i desember 2017.

Konklusjonen er at næringslivsaktørane i Skipavika arbeider vidare med eit prosjekt for ny veg til Skipavika i samarbeid med kommunen. Aktuelle problemstillingar som må løysast er mellom anna erverv av grunn, kvalitetssikring av kostnader og eventuell refusjon av mva. Dei kjem truleg til å søke fylkeskommunen om tilskot til ny veg, og at fylkeskommunen overtek denne som fylkesveg når den står ferdig. Ein slik søknad må handsamast politisk, og det er ikkje gitt lovnad om utfall, anna enn signal om at det bør vera uproblematisk å gje midlane som er tenkt til vedlikehald/dekkelegging av eksisterande veg (3 mill. kr) i tilskot til ny veg. I så fall blir det ikkje gjort tiltak på gamlevegen.

#### Vedlegg:

##### Mottakar (ar)

Noralf Distad Vinjavegen 1 5745 AURLAND

Lars Hellandsjø

John Torsvik

Stein Inge Larsen

Hallvard Oppedal

Reidun Halland

Jenny Ellaug Følling, FORD

#### Kopi til: